



Arkiv: FE-009, FA-M78, FE-033
JournalpostID: 26/36167
Saksbehandlar: Geir Petter Hatlenes
Dato: 17.07.2026

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
26/064	Samfunnsutval	02.09.2026
26/108	Stad formannskap	03.09.2026
26/113	Stad kommunestyre	10.09.2026

Lokal forskrift om gebyr for sakshandsaming av søknad om løyve til handel med fyrvrkeri og gjennomføring av tilsyn

Bakgrunn for saka:

Med heimel i brann- og eksplosjonsvernlova og forskrift om handtering av eksplosjonsfarleg stoff har kommunen ved brannvesenet, ansvar for å føre tilsyn med at sal av fyrverkeri går føre seg på ein forsvarleg og sikker måte. For å ivareta dette ansvaret må alle utsalsstader årleg søkje kommunen om løyve til sal av fyrverkeri.

DSB har gjeve kommunane heimel til å innføre gebyr for handsaming av søknader om sal av fyrverkeri og for gjennomføring av tilsyn.

I forskrift om handtering av eksplosjonsfarleg stoff § 9-2 heiter det:

«Løyve til handel med pyroteknisk vare vert gjeve av kommunen der verksemda vert driven. Kommunestyret kan sjølv fastsetje lokal forskrift om gebyr til dekning av faktiske utgifter knytte til handsaming av søknader om løyve til handel med fyrverkeri klasse II, III og IV og gjennomføring av tilsyn.»

Gebyr som skal dekkje dei faktiske kostnadene ved dette arbeidet, vert fastsett av kommunestyret gjennom gebyrregulativet for Stad kommune. Gebyret skal dekke kommunen sine utgifter knytte til informasjon, søknadshandsaming, tilsyn og rapportering i samband med sal av fyrverkeri.

Stad Kommunen har i dag ikkje forskrift som opnar for innkrevjing av sakshandsamingsgebyr.

Denne saka handlar om å innføre lokal forskrift for å kunne krevje gebyr til dekking av faktiske utgifter for handsaming av søknadar om løyve til handel med fyrverkeri ut på høyring.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Stad kommunestyre vedtar å legge ut vedlagte forskrift ut på høyring.

Vedlegg i saka:

Samfunnsutval 02.09.2026:**Handsaming:**

Det vart røysta over kommunedirektøren sitt framlegg som vart samrøystes vedteke.

SAMF - 26/064 Vedtak:

Innstilling frå samfunnsutvalet:

Stad kommunestyre vedtar å legge ut vedlagte forskrift ut på høyring.

Stad formannskap 03.09.2026:**Handsaming:**

Det vart røysta over kommunedirektøren sitt framlegg som vart samrøystes vedteke.

F - 26/108 Vedtak:

Stad kommunestyre vedtar å legge ut vedlagte forskrift ut på høyring.

Saksopplysningar:

Oppgåver kommunen har knytt til handsaming av søknader om sal av fyrverkeri og gjennomføring av tilsyn omfattar mellom anna:

- Informasjon om søknadsfrist gjennom relevante informasjonskanalar.
- Handsaming av innkomne søknader, samt eventuelt tilsyn med utsalsstaden før løyve kan gjevast.
- Kontroll av alle utsalsstadene i perioden 27. til 31. desember.
- Rapportering til Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB).

DSB har gjeve kommunane heimel til å innføre gebyr for handsaming av søknader om sal av fyrverkeri og for gjennomføring av tilsyn. I forskrift om handtering av eksplosjonsfarleg stoff § 9-2 heiter det:

«Løyve til handel med pyroteknisk vare vert gjeve av kommunen der verksemda vert driven. Kommunestyret kan sjølv fastsetje lokal forskrift om gebyr til dekning av faktiske utgifter knytte til handsaming av søknader om løyve til handel med fyrverkeri klasse II, III og IV og gjennomføring av tilsyn.»

Eit gebyr skal dekke dei faktiske kostnadene ved kommunen sine oppgåver og skal fastsettast av kommunestyret gjennom gebyrregulativet for Stad kommune. Gebyret skal dekkje kommunen sine utgifter knytte til informasjon, søknadshandsaming, tilsyn og rapportering i samband med sal av fyrverkeri.

Stad kommune har i dag eit vertskommunesamarbeid på brannforebygging med Stryn og Gloppen. Det vil være naturleg at behandling av søknader om pyro teknisk vare og tilhøyrande tilsyn innan for dette området vert i vareteke gjennom samarbeidsavtalen.

Vurdering:

I forskrift om handtering av eksplosjonsfarleg stoff av 26. juni 2002 med endringar, har DSB gitt kommunane heimel til å innføre gebyr for behandling av søknader om handel med fyrverkeri og for gjennomføring av tilsyn.

Handel med og oppbevaring av fyrverkeri inneber ein særleg risiko for brann, eksplosjon, personskade og skade på eigedom. Sakshandsaminga er difor ikkje berre ei administrativ registrering, men ein viktig del av kommunen sitt forebyggande tryggleiksarbeid.

Eit gebyr vil medverke til at brann- og redningstenesta har tilstrekkelege ressursar til ei forsvarleg vurdering av søknadane og til risikobaserte tilsyn i salsperioden.

Det er etter kommunedirektøren si vurdering viktig at kommunen får dekkja sine kostnadar knytt til sakshandsaming av søknadar gjennom at kostnadane vert dekkja av dei verksemdene som utløyser kostnadane.

Kommunedirektøren råd difor til at forskrifta vert lagt ut på høyring.